

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	28.04.2022
Vår referanse	2022/42565-2
Dykkar referanse	22/2043 - 22/21916
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr. 198 bnr. 3 - Hodnesdal - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev av 16.03.2022 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Hodnesdal i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut i frå arkiva våre og tilgjengeleg kartdata er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med den planlagde traseen. Vi kjenner heller ikkje til viktige kulturminne frå nyare tid. Vestland fylkeskommune har difor ikkje avgjerande merknader til planen ut frå omsynet til kulturminne.

Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber difor om at tiltakshavar/grunneigarar vert gjort merksam på følgjande:

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde i frå dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd. Ved mistanke om kulturminne ta kontakt med Vestland fylkeskommune - seksjon for kulturarv, i avdeling for kultur, idrett og inkludering.

Vi ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigarar og kommune om at Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv også skal varslast om planlagt hogstarbeid for å vurdere forholdet til automatisk freda kulturminne. Varselet må innehalde følgjande:

- Opplysning om gnr., bnr. og kommune. Kart over hogstområde og eventuelle planlagde driftsvegar, velteplassar m.m.
- Informasjon om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.
- Planlagt oppstartsdato.
- Kontaktperson med tlf. og e-post.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiarSigrun Wølstad
seniorrådgjevar

KII - Arealplan (Førde)

KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift